



Foreldre til barn født i 2014 og 2015

**Ikkje offentleg § 13**

**Dykkar ref.:**      **Vår ref.:** 19/156-1 **Arkivkode:** K2 - A10, K3 - &60      **Dato:** 15.04.2019

**Søknad om plass på utegruppa.**

På bakgrunn av innspel frå foreldregruppa vil barnehagen, det komande barnehageåret, etablera ei utegruppa. Det heile er i planleggingsfasen og opplegget vil bli forma undervegs med målsetjing om å ha ein god plan ved oppstart. Me vil innhente kompetanse frå barnehagar som allereie har utegruppa og lesa faglitteratur.

Utegruppa skal bestå av 10 barn og 2 vaksne. Gruppa skal vera ein del av, og samarbeide med dei 22 barna som skal ha ein anna base enn Tueteigen. Barna skal leverast og hentast i lokala til den nye avdelinga. Det er ikkje avklart kven som skal jobbe på utegruppa. På sikt ser me for oss å laga til eit område med lavvo, bål plass, osv. på dognad.

Søklarar må vera født i 2014 eller 2015. Både foreldre og barn må vera innstilt på at denne gruppa skal vera ute i allslags vær heile året og det kan verte behov for dobbelt opp av ein del utstyr f.eks. vinterdress, regnkle, bytekke og sko. Barna må ha eigen, ergonomisk tilpassa, ryggsekk som inneheld f.eks. bytekke og drikkeflaske som dei skal bera med seg på tur.

Det må vera 10 søklarar for å opprette tilbodet. Dersom det er fleire enn 10 søklarar vert det loddtrekning. Søknad som er innkommen etter utgått søknadsfrist vert ikkje teken med dersom det er fleire enn 10 søklarar.

**Søknadsfrist 01.05.19**

Fyll ut søknadsskjemaet under dersom de ynskjer at barnet dykkar skal gå på utegruppa og lever til styrar innan fristen.

\_\_\_\_\_

**Søknad om plass på utegruppa.**

Barnet sitt namn: \_\_\_\_\_

Fødselsdato: \_\_\_\_\_

Underskrift føresette: \_\_\_\_\_

Ingunn Mo  
Tlf: 99738755

